



Utval for opplæring og helse  
Att: Emil Gadolin, leiar  
Mail: [opplaering@hfk.no](mailto:opplaering@hfk.no); [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no)  
Kopi: [fylkesordforar@hfk.no](mailto:fylkesordforar@hfk.no)

Særutskrift frå Hardanger Ungdomsråd 21.1.2016

HU-sak 06/16 Orinteringssaker

- Tannhelsestruktur oppdatering på saka

Denne saka engasjerar ungdommen seg sterkt i. Hardanger Ungdomsråd er beden om å senda ny uttale til utval for opplæring og helse innan 8.2.2016.

Hardanger Ungdomsråd vil også møte på fylkestinget 8.-9. mars 2016, for å følgje denne saka.

## Vedtak:

Hardanger Ungdomsråd gjer slik uttale til utval for opplæring og helse i Hordaland med kopi til Fylkesordføraren. HU uttalar seg for å understreka kor viktig dette er, og gjev slik uttale:

## **Høyringsuttale vedrørende tannhelsetenesta klinikkstrukturplan 2015-2030 frå Hordaland fylkeskommune.**

I Hardanger ungdomsråd den 21.1.2016 tok me på nytt opp saka om tannklinikksstrukturplan i Hordaland. Dette er ei viktig sak for oss ungdom. **Me følar at fylkestannlegen prøvar å nedprioritere oss i distriktet, og dette finn me oss ikkje i.**

Me treng ein lett og enkel veg til tannpleie og klinikk elles vil fylgjande skje:

- Ungdom må pendla att og fram frå Voss/Odda.** Pga dårlig kollektivtilbod vil me miste ein heil skuledag fylt med læring. Og som om det ikkje er nok, vil me måtte gjera mykje meir lekse for å ta igjen det me mista den dagen. Det burde jo vere nok å miste ein dag frå skulen og all lærdommen, men det er det ikkje.

- Konsekvensane med den lange reisa er at **ungdommen vil få registrert fråvær** fordi me reiste til tannlegen. Me vil få fråvær og mista mykje læring. Dette vil få **negative konsekvensar for framtidig vitnemål**.

- Ungdommen må bruka pengar og tid på buss.** Og har ein råd til bussen? Dette kan vere eit problem for mange, for bussen kostar pengar, men **skal ikkje tannhelsetilbodet vere gratis?** Så vist ein elev må bruke sine pengar på å komme seg til tannklinikken, så verkar det ikkje som at tannhelsetilbodet er gratis. Kor mykje tid må ein vente før og etter timen? Må ein sitte og vente på bussen i to timer etter tannlege timen? Tid er pengar, også for ungdommar!

- Og dette gjeld ikkje berre for ungdommen som kan ta buss åleine, dette gjeld også for små barn. Og dei kan jo ikkje ta buss åleine, så då må ein av **foreldra ta seg fri frå jobben for å fylgja barnet sitt til tannlegen**. Det å ta seg fri for vaksne, vil seie å **miste arbeidsinntekt** eller å måtte jobbe ekstra for å ta igjen dei timane dei ikkje jobba. Og alt dette for **ein tannlege time!**

Me veit ikkje korleis man reknar på kostnader for og i mot. Men man kommer ikkje bort i frå at om ein tannlege har ti pasientar pr dag, vil det være ti pasientar som brukar til saman ti skuledagar( 70 timer) mot til saman ti enkelt timer.

-Det må jo være mykje enklare at ein tannlege pendlar til Ulvik, enn at alle pasientane skal pendla til Voss. **Miljø messig er det og meir korrekt.**

Me barn og ungdom er framtida, me er bekymra for vår skulekvardag, vitne mål, vår fritid og vårt miljø. **Me meiner de har ein plikt til å kunne tilby oss ute i distrikta ein like godt tannlege tilbod som i byane.** Det skal ikkje være slik at helse tilboda på bygda er därlegare enn dei i byane. Alt dette kan enkelt forhindrast med å behalde tannklinikken i bygdene våre.

Med tanke på sannsynleg kommunesamanslåing i nær framtid, der nye planar og visjonar vil blomstre vil me gå så langt å sei at det er idioti å leggja ned tannklinikkeane Eidfjord, Ulvik og Lofthus no!

**Hardanger ungdomsråd går imot framlegg til ny klinikkstrukturplan for tannhelsetenesta i Hordaland for perioden 2015-2030 .** Hardanger ungdomsråd meiner det er ekstremt viktig at me har tannklinik og tannpleie også i distriktet.

Kinsarvik 25.1.2016

Fruktbar helsing Hardanger Ungdomsråd

Trude L. Rinaldo

Sekretær

*Hardanger ungdomsråd/Hardangerrådet iks signerar digitalt*